

# REFERAT ÅRSMØTET 2018

## VOSS GOLFKLUBB

Tid: 23. februar 2018, kl 19.00 - 21.00

Frammøtte: 25 stemmeberettiga.

Stad: Klubbhuset på Nedkvitne

Styreleiar Jan Arnetveit ynskte velkomen og opna møtet som vart gjennomført i samsvar med saklista.

### 1. Godkjenning av stemmeføre

Alle 25 frammøtte var stemmeberettiga.

### 2. Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent av årsmøte.

### 3. Val av møteleiar, referent og to personar til å underskrive protokollen.

Følgjande vart valt:

Møteleiar	-	Jan Arnetveit
Referent	-	Torkjell Eskeland
Teljekorps	-	Gaute Kalstad
Protokollgodkj.	-	Karstein Lien og Staffan Henry Wikström

### 4. Årsmelding 2017.

Det var ikkje lagt ut årsmelding i papirformat. Denne var tilgjengeleg for alle på nettet.

Årsmeldinga vart gjennomgått av leiar og vist på lerret.

Medlemstalet ser ut til ha stabilisert seg, men det bør arbeidast for å inn nye medlemmer. Fadderordning til nyutdanna bør etablerast.

Gjennomført lotteri har gitt godt tilskot til klubben og bør vurderast gjennomført også i 2018.

Turneringar; det er gjennomført 34 turneringar i løpet av sesongen med eit snitt på 31 deltakere.

Klubbmeistere 2017 for dame/herre vart Randi Espeland Østvik og Alvar Karstein Fjellanger. For senior dame/herre vart det Ranja Wikström og Knut Rolf Hansen.

Turneringane tilførde klubben kr 77.770,-

Dugnader. Det var gjennomført 3 fellesdugnader med bra frammøte.

Totalt ca. 276 tv

Rapport frå damegruppa var komen inn seint og var dermed ikkje komen med i årsmeldinga.

Årsmeldinga vart godkjent av årsmøtet utan kommentar.

## 5. Rekneskap.

Gjennomgått av formannen.

Rekneskapan viser eit positivt resultat på kr 176.000,-. Og eigenkapitalen er auka frå året før. Positiv tendens.

I balansen under Kortsiktige fordringar er det ført eit beløp på kr 1.504.018,- som det vart stilt spørsmål om. Formannen kom med forklaring som årsmøtet var fornøgd med.

Revisor melding vart lese opp, revisor har godkjent rekneskapan som var framlagt.

Årsmøtet godkjende rekneskapan.

## 6. Innkomne forslag.

Ingen innkomne forslag.

## 7. Kontingentar for 2019.

Styret hadde lagt fram forslag til kontingent for 2019.

Det vart bestemt å gjere ei presisering av Student/militær, denne gruppa blir endra til - Student/militær i førstegongsteneste opp til 30 år betaler kr 2.200,- pr. år.

Årstalet ein er fødd styrer kontingenten.

Kontingentar for å delta på forskjellige kurs i klubbregi blir avgjort av styret.

Det er ein føresetnad at medlemskontingenten blir innbetalt til klubben innan gjennomføring av årsmøtet. Det viser seg at mange venter med å betale til banen åpner. Pr. dato er det 190 stk. som ikkje har betalt kontingenten.

## 8. Budsjett

Forslag til budsjett vart framlagt, og dette vart godkjent av årsmøtet.

## 9. Organisasjonsplan for klubben.

Det vart lagt fram eit forslag til organisasjonsplan.

Årsmøtet godkjende forslaget.

## 10. Val

Valkomiteen hadde lagt fram forslag til ny styresamansetjing, det kom ikkje inn forslag på andre. Dermed vart det nye styret valt.

Varamenn blir valt for 1 år

Det nye styret er:

Leiar	Egil Østvik	valgt for 1 år
Nestleiar	Silje Svartveit	ikkje på val
Styremedlem	Gaute Kalstad	gjenvolgt for 2 år
Styremedlem	Ranja Wikström	ny, valgt for 2 år
Styremedlem	Magnar Grevle	ikkje på val
Styremedlem	Nils Bjarne Hommedal	ny, valgt for 2 år
Varamedlem	Bjarne Eggereide	valgt for 1 år
Varamedlem	Ove Magne Straume	valgt for 1 år

Valkomiteen hadde forslag på to nye personar som var villige til å ta på seg revisorvervet. Men ved kontroll viste det seg at ingen av dei hadde betalt kontingenten for 2018 og måtte derfor forkastast. Det kom då opp forslag på Karstein Lien og Ståle Øverland. Dei var villige og vart valgt som nye revisorer.

Ny valkomite vart:

Leiar	Jan Arnetveit
Medlem	Gunnvor Rogne
Medlem	Elisabeth Curran

Årsmøtet godkjende valet.

## 10.2 Val til Golf-tinget og Idrettsrådet i Voss kommune.

Styret ber om at årsmøtet gjev det nye styret fullmakt til å oppnemna representant(er) til Norsk Golf forbund sitt ting i 2018 og at Torkjell Eskeland fortset som VGK sin representant i Voss Idrettsråd.

Årsmøtet godkjende dette.

## 11. Ymse

Årsmøtet ba om at det vart meldt tilbake til leiaren av VGB om at medlemene i VGK sette stor pris på god informasjon som sendt ut det siste ½-året.

Etter årsmøtet vart det gjeve informasjon om det planlagde arbeid med bygg over ballautomaten og nokre utslag på driving-rangen. Dette vart positivt motteke.

Voss 25. februar 2018

Torkjell Eskeland

